

KYRKJETENAR I HYLLESTAD SOKN, 40% stilling

Den lokale kyrkja i Hyllestad er ei opa folkekyrkje med mykje positiv aktivitet.

40% stilling som kyrkjetenar i Hyllestad sokn er ledig.

Kyrkjetenaren gjer teneste ved alle arrangement i Hyllestad kyrkje (hovudkyrkje med flest arrangement), i Bø- og Øn- kyrkje samt Øn kapell.

Søndag er fast gudstenestedag med unnatak av ein søndag i månaden då alle tilsette har fri.

Det er gudsteneste på høgtidsdagar samt nokre kvardagar. I tillegg kjem teneste ved gravferder (ca.18), vigsler (sjeldan) m.v.

Andre oppgåver: Reinhald og tilsyn. Oppfølging av nokre gravstellavtalar.

Kyrkjetenaren

- må vere medlem av Den Norske Kyrkja og ha glede av å jobbe i kyrkja
- må snakke norsk, vere punktleg, ryddig og ha syn for detaljar
- vere høfleg, utadvent og ein god vert
- ha gode samarbeidsevner
- ha sertifikat og disponere bil
- vil få delansvar for styring av lys, lyd og bilete i Hyllestad kyrkje

Tilsetjing i samsvar med gjeldande lover, regelverk og KA sin tariffavtale.

Stillinga som kyrkjetenar er plassert i lønnsgruppe1.

100%: kr 301 500 – 405 100 etter ansiennitet. Lør-/sønd.till. pr. t. kr 53. Kveldtill. Pr. t. kr 28.

Tillegg for arbeid på helg, kveld, og høgtidsdagar. <https://www.ka.no/tariff>

God pensjonsordning i KLP. Det vert trekt 2% pensjonsinnskott.

Hyllestad kyrkje er hovudarbeidsstad.

Søknadsfrist: 24.10.2020 (må vere motteke)

Ved ønske om meir informasjon om det praktiske ved stillinga, kontakt kyrkjeseekretær Aslak Åm Sognnes tlf. 97583290. Kyrkjevevjer Irene Fløde svarer om tilsetjing og lønn m.m. tlf. 99238420.

Søknad vedlagd CV, referansar og attestar skal sendast til:

Hyllestad sokn, Lifjordvegen 7, 6957 Hyllestad

eller på e-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no